



## Notat

Dato: 21.07.2017  
Arkivsak: 2016/943-20  
Saksbehandlar: mattorg

---

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Svar på spørsmål i fylkesutvalet 22. juni 2017

#### Bakgrunn

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 22.06.2017 under PS 173/17 «Referatsaker» står det m.a:

*I samband med RS 81/17 «Spørsmål om Kvinnherads tilknyting til ny E39» sette Benthe Bondhus (Sp) på vegner av Sp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:*

*«Ber om at denne meldingssaka vert sett på sakskartet:*

*RS 81/17 Spørsmål om Kvinnherads tilknyting til ny E39.»*

*Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.*

#### Tidlegare behandling

Det har vore arbeidd med å korte inn ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad, og etter vedtak i dei to kommunane og i fylkesutvalet vart det starta opp eit økonomisk-teknisk forprosjekt for eit mogleg ferjestø ved Djupavikneset ved Leirvik på Stord (jf. PS-sak 184 /2016 i fylkesutvalet 23. juni 2016)

Fylkesutvalet handsama 22. februar 2017 sluttrapport om ferjestø ved Djupavikneset, og gjorde slikt vedtak (sak 29/2017):

1. *Fylkesutvalet viser til rapport frå forprosjekt for ferjestø Djupavikneset, og ser denne lokaliteten som uaktuell som ferjeløsing for innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad.*
2. *Fylkesutvalet ønskjer å setje i gang ein planprosess saman med kommunane Stord og Kvinnherad for framtidig ferjesamband mellom dei to kommunane der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte. Om kommunane sluttar seg til dette, kan planen bli utarbeidd som regional plan etter Plan- og bygningslova § 8-1.*

På grunnlag av vedtaket vart det sendt brev til dei to kommunane datert 13.mars 2017, der dei to kommunane er bedne om å ta stilling til framleggget om å utarbeide ein regional plan for sambandet slik det går fram av vedtaket nemnt ovanfor.

Stord kommunestyre handsama henvendinga, 20 april 2017:

*Kommunestyret tek forprosjekt for ferjestø Djupavikneset til vitande og ser denne lokaliteten som uaktuell for nytt ferjestø for sambandet mellom Stord og Kvinnherad.*

*Kommunestyret ser utfordringar for Sunnhordlandsregionen framover gitt m.a. endringane i kommune- og fylkesstruktur. Ein må i endå sterkare grad vektlegge tiltak som kan binde regionen tettare saman og styrka samarbeidet mellom kommunar og næringsliv. På sikt vil eitt tiltak vera at kommunane jobbar saman for fastlandssamband mellom Kvinnherad og E39.*

*Kommunestyret vil delta i ein planprosess for framtidig ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord der ferjestø på begge sider av fjorden vert vurderte.*

*Kommunestyret viser likevel til føringane i tidlegare vedtak i saka om ikkje å ta i bruk ny, uberørt strandsone til føremålet.*

*Kommunestyret peiker på at det i første rekke er alternativ på Kvinnheradsida som ikkje er utgreidde for ferjesambandet Stord-Kvinnherad. Kommunestyret meiner at alternativ nærmare Husnes må vurderast. Berre ei innkorting av den samla reisetida mellom senter i kommunane kan etter kommunestyret sitt syn forsvara å på ny vurdere nytt ferjestø på Stord-sida.*

*Ein vidare planprosess bør setjast i gong som ein interkommunal planprosess. Tidsaspektet er avgjerande for valet. Planarbeidet må ta opp i seg dette:*

- *Kortare overfartstid*
- *Redusert samla reisetid mellom Leirvik og Husnes*
- *Frekvens*
- *Finansiering*

*Det må vera eit vilkår at det er vilje til å finansiera eitt til to nye ferjestø med tilførselsvegar. Stord kommunestyre ser det ikkje som aktuelt å finansiera utbygginga med bompengar.*

Kvinnherad kommune har ikkje handsama rapporten og brevet frå fylkeskommunen, datert 13.mars 2017, men har tidlegare gjort vedtak om oppstart av planarbeid der det vert sett på begge sider av fjorden utan avgrensing.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen meiner innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er ei viktig regionalt prosjekt.

Ut i frå vedtaket i Stord kommune, ser fylkesrådmannen det som lite aktuelt å gå vidare med framleggget om å utarbeide ein regional plan for innkorting av sambandet. Fylkesrådmannen meiner difor at det bør startast ein interkommunal planprosess etter Plan- og bygningslova § 9-1 1. ledd. Det må i denne planprosessen vurderast ferjeleier på begge sider av fjorden. Hordaland fylkeskommune vil vere tiltakshavar for planen, og stå som ansvarleg for gjennomføring av planarbeidet.

Det pågår p.t. ein dialog mellom fylkeskommunen og dei to kommunane på administrativt nivå. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei eiga sak om planform, organisering og framdrift i løpet av hausten 2017.

